

KYRKJEBLAD

62. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2/2008

Til seters!

Gudstenester i det fri i sommar, sjå side 13.

Andakt: Livsens elv
Ei livsens elv med ord frå Gud

Bilete frå
Konfirmasjonane:
Staut ungdom i fargar!

Vel overstått!
Vaksdal og Eksingedalen
kyrkjer har hatt jubileum.


Ledige stillingar:
Kyrkja lyser etter nye med-
arbeidarar i kyrkjer og på
kyrkjegardar.

Historisk I

Den 22. juni vert det historisk gudsteneste på Bruvik, i samband med jubileet for Vaksdal kyrkje. Dette til minne om tida før Vaksdalsbygda fekk si eiga kyrkje i 1933.

Historisk II :

Om nokon har gløymt korleis ei pipekrage såg ut: her er eit utval. Bilete er frå Dale kyrkje, då John Ove Thaulé vart ordinert til prest i 1978. Foto: Vaksdalnytt.



VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no**Ekspedisjonstid:**

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og**Tone Synnøve Øygard Steinkopf**

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no**Organist i Eksingedalen og Eidsland****Asbjørn Nese**

Tlf. privat: 56 59 59 26

Telefon til soknerådsleiarar**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og****Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 1. september

Skjendig

”Skjendig (frå lågtysk, av *schande* 'skam')
skamleg; skiten, tarveleg, ufin, ei skjendig
gjerning ” (frå Nynorskordboka)

Skjending vert ofte nytta om ei
skamleg handling, til dømes likskjending.

Det eg vil fram til, er saka frå Sverige
der gravarane på ein kyrkjegard pressa
saman kista under påfyllinga. Dette vart
gjort for å hindra at massane skulle sige
saman over tid, og dermed føre til ekstra
vedlikehaldsarbeid. Ved å knuse kista
slik, kunne ein lettare halde
kyrkjegardsplenen jamn. Dei pårørande
reagerte på metoden som vart nytta, og
gjorde opptak av kyrkjegards-
arbeidarane.

Saka har fått store oppslag i media, og
opprører dei fleste. Det vert spurt om
liknande metodar vert nytta her i landet
og. I Vaksdal kommune har slike
metodar ikkje vore nytta. Her har
påfyllinga skjedd varsamt, og ein har
alltid lagt att massar i haug over grava,
til bruk når grava sig. Massane i seg
sjølv vil setje seg over tid, og det meste
skjer om hausten og vinteren. Men
sjølve kista kan vere heil i mange tiår.

Kostnadene med jamning av
kyrkjegardsplenane her i kommunen er
store. Jorda er skrinn, og mold må
kjøpast og kjørast til. Det kan gå 30
kubikkmeter jord, tilsvarande 5
lastebillass, til jamning på eitt mål.

Så når ein går over kyrkjegarden kan
ein kanskje tenkje på at den ujamne
plen på eit vis er prov på at arbeidet
er utført på ein verdig og etisk forsvarleg
måte.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

LIVSENS ELV

“På begge elvebreddene skal det veksa alle slag frukttre. Lauvet på dei skal ikkje visna, og frukta skal ikkje ta slutt. Kvar månad skal dei bera ny frukt; for vatnet dei får, skal renna ut frå heilagdomen. Frukta på trea skal vera til mat og blada til lækjedom.”

Profeten Esekiel 47.12



Gjennom kvar av dei ulike dalføra i kommunen vår renn det ein elv. Elven var der frå skaparens hand, og så kom menneska og slog seg ned langsmed bredda. Dei bygda gardar. Dei bygde industri og sette opp husa sine og heile bygdesamfunn vart til. Elven gav mat, og vatn til å drikka. Der kunne ein bada, eller henta vatn til å bada, og i tidlegare tider skjedde klesvasken ved elven. Då industrisamfunnet vaks fram henta ein kraft først mekanisk til mølla, og seinare gjennom utvinning av straum som kunne gi lys og varme i heimane og kraft til å driva industrien. For oss er denne krafta blitt ein sjølvsgt del av kvardagen.


I bibelteksten frå Esekiel handlar det om ein annan slags elv. Denne elven har sin kilde i heilagdomen. Heilagdomen er der kor Gud er, og kor hans ord frå bibelen vert forkynt. Derfrå renn ein straum av levande vatn. Levande vatn er vatn som røyrrer seg, som renn kvar helst det får koma til. Det levande vatnet i

livsens elv bring med seg kraft ifrå Gud, spirekraft til å få ting rundt seg til å skje. Plantar langsmed elven treng vatn til å veksa fram og for å leva. Guds kyrkje veks òg gjennom ordet som går ut frå Guds munn. Det vender ikkje tomhendt attende, men gjer dei gjerningane som Gud ved sin Ande sender det til.

I år er det eit særskilt år for kyrkjejubileer. Vaksdal, Eksingedalen, Nesheim og nabokyrkja Mo. Ved eit jubileum er det naturleg å henta fram minne frå historia. Men kyrkja må ikkje berre vere eit museum, og monument for trua til forferdarane våre. Frå dei same kyrkjene renn det fortsatt ei livsens elv av ord frå Gud som ber krafta i seg til å fornya liva våre. Det er vår von at stendig nye generasjonar må finna sin heim og slå rot langsmed denne livgjevande elva.

Sokneprest Edvard Bø

Foto: Svein Ulvund



Den norske kyrkja

Vaksdal kyrkjelege fellesråd

Ledige stillingar:

Fagarbeidar til vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar i Vaksdal kommune

Stillingsstorleik 50%. Stillingsstorleiken kan verte auka.

Stillingsomtale:

Vedkomande skal i samarbeid med kyrkjeverja utarbeide og fylgje opp vedlikehaldsplanar for kyrkjene og kyrkjegardane. Stillinga medfører praktisk utføring og oppfølging av vedlikehald for kyrkjer og kyrkjegardar i kommunen.

Krav til søkjaren:

Søkjaren må kunne arbeide sjølvstendig, og disponere eigen bil i arbeidet. Søkjaren bør ha fagbrev innafor anleggsgartnar-, tømrrar- eller målarfaget, eller ha relevant praksis. Det vert lagt vekt på at søkjaren er positiv og hjelpsam i møtet med våre brukarar.

Andre vilkår:

Løn og tillegg etter avtale.
Tilsetjing snarast råd.

I tillegg er følgjande stillingar ledige:

Stamnes: Kyrkjegardsarbeidar
Eidsland: Kyrkjegardsarbeidar
Eidsland: Kyrkjetenar
Flatekval: Kyrkjegardsarbeidar
Flatekval: Kyrkjetenar
Stanghelle: Kyrkjegardsarbeidar

Nokre av desse stillingane kan kombinerast. Kyrkjetenarstillinga krev at ein er medlem i Den norske kyrkja. Desse stillingane vert gjort opp etter timar. Løn og tillegg etter avtale. Tilsetjing snarast råd.

Redaksjonssekretær for kyrkjebladet

Kyrkjebladet treng ein redaksjonssekretær som kan ta seg av utforming og ferdiggjering av bladet før det vert sendt til trykking. Kyrkjebladet kjem ut 5 eller 6 gonger om året til alle husstandar i Vaksdal kommune samt nokre utanbygds abonnentar. Søkjaren må kunne nytte tekstredigeringsprogram og arbeide sjølvstendig. Kan høve for student eller journalist. Løn etter avtale.

Ta gjerne kontakt med kyrkjeverje Svein Tøsse, tlf 56 59 39 21, for fleire opplysningar om stillingane.

Søknad kan sendast til Kyrkjeverja i Vaksdal, Pb.113, 5721 Dalekvam innan 01.juli 2008

Ynskjer du å vite meir om desse stillingane?

Stillingane som kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar kan gjerne kombinerast til ei stilling. Å vere fleire til å dele på stillinga som kyrkjetenar vil og vere aktuelt. Kanskje 2-3 personar vil ta på seg å gjere arbeidet, ettersom det høver for ein?

Du kan søkje på både stillingane, eller den eine. Du kan gå saman med andre om å søkje, eller foreslå nokon som du meiner dette arbeidet kan høve for. Omfanget av arbeidet kan drøftast, slik at me får ei løysing som er god.

Desse stillingane er viktige for kyrkjelyden, og viktige for kyrkja. Skadar og manglar som oppstår må rettast på så snart som mogleg. Utstyr må vedlikehaldast, ljospærer skiftast. Altarvin, altarljos, snømåking og oppvarming må takast hand om på ein forsvarleg måte. Dersom me ikkje har personar til å ta seg av desse oppgåvene får me problem med å gjennomføre dei tenestene me har ansvar for.

Ti gonger i året er det gudsteneste i Eksingedalen kyrkje og i Eidslandet kapell. I tillegg kan det vere nokre konsertar og andre arrangement. Talet på gravferder varierer.

Utdrag frå stillingsomtalar:

Kyrkjegardsarbeidaren har ansvar for klipping av plen og hekk, og rydding og stell på gravplassen. Vedkomande må vere fylt 16 år, og kunne arbeide sjølvstendig.

Kyrkjetenaren syter for at kyrkja er gjort klar for bruk når det er gudstenester, gravferder og vigslar. Søklar til kyrkjetenarstillinga må vere medlem av Den norske kyrkja.

Kva løn kan du få hjå oss?

Døme på løn for sommarhjelparar:

Ung arbeider fylt 16 år kr 89,- pr time
Ung arbeider fylt 17 år kr 100,- pr time

Døme på løn for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar utan fagbrev

Lønsgruppe 1 frå kr 111,- til kr 136,- pr time

Døme på løn for fagarbeidarar:

Lønsgruppe 2 frå kr 125,- til kr 145,- pr time

Desse satsane var gjeldande til 01.05 08, no skal dei aukast. Lågaste sats er 0 år ansiennitet, høgaste er for 10 år ansiennitet.

Kyrkjetenarar som set opp gudsteneste-plakatar og gjer ein del anna arbeid som førebur gudstenesta får betalt for 5 timar for ei vanleg gudsteneste.

I tillegg kjem helgetillegg på kr 27,- , og eventuelt kveldstillegg på 23,- og høgtidstillegg på 133% av timesatsen.

Kyrkjegardsarbeidarar og kyrkjetenarar får oppgjer etter timeliste.

TUR TIL BRUVIK 22. JUNI

I samband med 75-års jubileet for Vaksdal kyrkje vert det ei historisk markering søndag 22. juni. Denne gudstenesta vil vere i samarbeid med kyrkjelyden i Bruvik på Osterøy.

Vi frå Vaksdal tar turen over og vert med på gudstenesta i Bruvik kyrkje som startar kl 11.

Vi planla å frakta nokon i båt over fjorden, slik det vart gjort i tidlegare tider. Diverre har det vorte vanskeleg å få til båtskyssen som tidlegare annonsert. Men gudsteneste vert det. Vi må berre kjøyre bil i staden.

Me ynskjer uansett ei tilbakemelding frå dei som tenker å vere med så vi veit kor mange det vert. Treng nokon bilskyss? Dei på Bruvik ynskjer å få kjennskap til kor mange dei kan vente på kyrkjekaffien.

Under kyrkjekaffien vil det verte noko historisk program som mellom anna fortel om den gamle farten over fjorden fra nokre av dei som var med på det. Me vonar på fint vèr og trur dette vil verte ein festleg og høgtidsstemt dag midt på sumaren.

Kontakt sokneprest Edvard Bø på telefon 90840624, eller på e-post: edvarboe@online.no.

Denne gudstenesta vert einaste gudstenesta for både heile Osterøy og heile Vaksdal kommune denne dagen. Det kan verte eit skikkeleg stevnemøte på historisk grunn.

Ver med. Ta turen.
Helsing Kyrkjelydsutvalet

EKSINGEDALEN KYRKJE 1883 – 2008



EIT KORT HISTORISK RESYMÉ

Frå 1881 vart Eksingedalen eige sokn i Hosanger Prestegjeld, og 2 år etter, i 1883 sto den nye kyrkja klar til vigsling.

Før denne tid nytta dei gamlekyrkja, eller Fladeqqval Capell, som bøkjene seier. Kortid dette kapellet vart bygd er det ingen som riktig veit, men fyrste gongen dette er nemd i skriftlege kjelder er kring 1666.

PLANLEGGJING OG BYGGJING

Planleggjingsarbeidet med å byggje ny kyrkje kom i gong alt i 1878. Då fann det stad eit møte på Flatekval, der ein vart samde om å riva det gamle kapellet og byggje nytt.

Nykyrkja skulle byggjast i stein, og alle bøndene i soknet måtte stille med mann og hest til pliktarbeid. Dette gjaldt steinbryting og skoghogst.

Sjølve byggjearbeidet skulle setjast ut på anbod, ein murmeister i Bergen

krov kr 12 000,- for arbeidet, noko som "sette ein støkk i bygdi". Dette vart for dyrt.

Til slutt, utpå nyåret 1881 tok ein av bygda sine eigne modig på seg denne oppgåva. Anders Lavik baud seg å fullføre murararbeidet for kr 1000, men det vart tilslutt avtala ei fast dagløn.

Til tømring og snekring hadde dei andre folk til å hjelpe.

Muren sto ferdig den 14. oktober 1881, resten av arbeidet vart gjort etterkvart. Gamlekapellet vart rive

hausten 1882, og ein del av materialane herifrå vart nytta i nykyrkja.

Til å male kyrkja fekk dei ein malarmeistar frå Bergen. Tidleg i juni månad 1883 sto kyrkja klar til bruk. Klokka var komen på plass, og rekneskapen synte at totalkostnaden enda på kring 6200 kroner. Til samanlikning kosta Mo kyrkje som var ferdigbygd same året kring 13 500 kroner.

Kyrkja på Flatekval vart vigsla 12. juli 1883, dagen etter at nykyrkja på Mo vart vigsla.

Oppgjeve tal på sitjeplassar i Eksingedalen kyrkje er 130.

OPPGRADERINGAR OG NYBYGG

Orgel

Tidlegare hadde salmesongen vorte ledsaga av ein stødig klokkar som forsongar, men i 1955 vart det fyrste orgelet kjøpt inn, og fyrste

organisten, Asbjørn Nese tilsett. Det vart halde ei innsamling for å kunne kjøpe orgelet.

I 1985 vedtok soknerådet å gå til innkjøp av eit nytt orgel. Eit fond, "prestekallsfondet" som skulle nyttast til presteløn dersom Eksingedalen nokon gong vart eige prestegjeld, batt opp ein del midlar. Det vart bestemt at ein skulle ta av desse pengane for å delfinansiere det nye orgelet. Lars Ragnvaldsen fekk i oppgåve å bestille orgel, til ein makskostnad av kr 280.000.



Altertavle

I 1959 tilbød Eksingedalen husmorlag seg å koste ny altertavle. Den gamle rama vart brukt på nytt, og ein kunstmålar ved namn Gunderosen sto for målearbeidet. Jesus som den gode hyrdingen vart vald som motiv etter framlegg frå husmorlaget. Den gamle trekrossen i altertavla frå 1883 vart festa på veggen over alteret. Altertavla frå gamlekyrkja heng i dag på Bergen museum.



Oppussing og ombygging

I 1928 vart tårnet mura 1 meter høgare opp, og tårntaket skifta ut. I 1960 vart heile kyrkja måla og pussa opp innvendig, samstundes med at det vart gjort ein del byggtekniske endringar. Kommunen løyvde kr 10.500 til dette arbeidet. Himlingen vart lagt ned, benkane vart vølte og vindauga vart skifta ut. På slutten av 70-talet byrja planleggjinga med å byggje sakristi med reiskapsbod. Etter ein del diskusjon og korrespondanse med mellom anna riksantikvaren vedr. teikningane, vart det nye sakristiet bygd i 1983. Aage Lavik hadde ansvaret for byggjearbeidet.

Ymse

Etter at sakristiet vart bygd, har kyrkja elles vorte nytta som møtelokale for Eksingedalen sokneråd, som også fyller 125 år dette året.

Sundagsskulen har også i fleire år nytta kyrkja som skulelokale.

Kjelder :

"Kyrkje og kristenliv i Modalen og Eksingedalen", 1983 "Mo kyrkja og Eksingedalen kyrkja - Festskrift", 1933

Møteprotokoll, Eksingedalen sokneråd, 1962-2002

Tekt: Ole Jakob Nese

Foto: Ole Jakob Nese

Kyrkjebladet (altartvla)

KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 4. MAI 2008



Foto: Fotograf Løvvedt, Bergen

1. rekke frå venstre: Ine Løvvedt Larsen, Signe Erstad Sivertsen, sokneprest Edvard Bø, Hanne Karin Hammersland
 2. rekke frå venstre: Erling Nielsen Herfindal, Benedikte Hansen, Hilde Kristin Rongved Brunsvik, Andrea Andreassen Sellevold, Thomas Erstad Jacobsen
 3. rekke frå venstre: Sindre Amundsen Hansen, Marius Alvheim, Stian Stürtzel, Benjamin Hekland, Even Midtbø Halland



KONFIRMANTAR I EIDSLAND KAPELL 27. APRIL 2008

Framme få venstre:
Tiril Møster Larsen, Sondre
Eide Vik, Vilde Møster Aas.

Bak frå venstre:
Iversen Emil, sokneprest
Frode Kvamsøe,
Stian Simmenes Nordheim.

Foto: Anne Margrethe Eikefet

KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 4. MAI 2008



Foto: Fotograf Løtvedt, Bergen

1. rekke frå venstre: Tonje Birkeland Myklebust, Cathrine Eide Sellevold, sokneprest Frode Kvamsøe, Tiril Hesjedal Langhelle, Silje Kvamme.
2. rekke frå venstre: Tirill Dalseid Heimdal, Hanna Hårvik Tvedt, Miriam Hvidsten Straume, Frida Trengereid Hesjedal, Marie Fenne Johansen, Elisabeth Jordalen Johnsen, Susanne Tveiterås.
3. rekke frå venstre: Anders Jin Rishes, Lars Erik Bolstad Vasstveit, Runar Fossmark, Kristina Andersen, Gaute Liset Kallestad, Marita Hildborg Dalseid
4. rekke frå venstre: Daniel Rørgård Faugstad, Håkon Vaktdal Kvamsøe, Petter Faugstad Jordalen, Kristine Boge, Markus Oliver Kydland, Christer Michael Holme



KONFIRMANTAR I BERGSDALEN KYRKJE 25. MAI 2008

Imre Christoffer Berge, sokneprest
Frode Kvamsøe, Vilde Rødland

Foto: Per Småbrekke



KONFIRMANTAR I EKSINGEDALEN KYRKJE 1. JUNI 2008

Framme frå venstre: Ann-Kristin Fosse og
Linda Merete Lavik
Bak frå venstre: Sigrid Nese, sokneprest
Edvard Bø og Camilla Sætre Jensen.

Foto: Torbjørn Urke

KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 11. MAI 2008



Foto: Sigrid Straume Normann

1.rekke frå venstre: Lene Strand Carlsen, Elisabeth Tysebotn Leiren, Ingrid Straume
Normann og Sara Zuliani
2. rekke frå venstre: Sokneprest Edvard Bø, Marius Simmenes, Hogne Kallestad
Dyvik, Terje Iglund, Øystein Farestveit Neset og Rune Straume Samuelsen.

VAKSDAL FEIRA TRE DAGAR TIL ENDE!

Då Vaksdal kyrkje sitt 75-årsjubileum vart feira i april, skjedde feiringa over tre dagar. Laurdag var det konsert, der Kilden, Kordial og Modalskoret framførte "Visst skal våre komme" saman med fleire musikarar. Sundagen var det gudsteneste og festsamkome. Måndagen

var det ei framsyning for barnehageborna om føremiddagen, og konsert om kvelden, med kommunen sine barnekor og Vaksdal skulemusikk.

Foto: O J Domben, øvst T og K B Boge, midten og nedst



Mykje folk i gudstenesta



Osterøy kyrkjekor song i gudstenesta



"Gamlepresten" Einar Tveit
helsa festlyden



Mykje godtfolk samla i festsamkoma



Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale
barnesongkor song saman i barnekonserten



Kyrkja var pynta til fødselsdagsselskap

FRÅ KYRKJEBILEET I EKSINGEDALEN

Sundag 15.juni var det gudsteneste i kyrkja på Flatekval, og deretter fest i Ljosheim. Barnekoret, og felleskoret med medlemmar frå Kilden og Modalskoret fylte kyrkja med song. Fem prestar deltok i gudstenesta, Ivar Molde, Frode Kvamsøe, Edvard Bø, Inge Christian Meidell og Vilhelm Overå.



Festlyden i Ljosheim fekk, mellom helsingar, mat og song, med seg prologen til Hilde Brønstad, og framføringa av "Tøff nok!" med barnekoret.

Alle bilete: Magnar Nese



GUDSTENESTE I DET FRI I SOMMAR

Støls gudsteneste

sundag 13. juli kl. 15.30

på Gamle Brekkestølsmurane i Bergsdalen. Avgang frå betongbrua på Brekke kl. 13.00. Ta med mat. Ved dårleg ver er gudstenesta i kyrkja. Støls gudsteneste på Kvamsøe.

Dalastemna

sundag 27. juli kl. 12.00

Frå Flatekval går ein opp ved Dalastova, og det er felles avgang kl. 10.00. Markering av 125-årsjubilea til Mo kyrkje og Eksingedalen kyrkje. Ein må rekne med å gå i om lag ein og ein halv time til Storavatnet. Ved dårleg ver, vert gudstenesta halden i Eksingedalen kyrkje. Ta kontakt med sokneprest Bø, 90 84 06 24, dersom du treng stadfesting på kvar gudstenesta vert.

Olsok gudsteneste

tysdag 29. juli kl. 18.00

på Leiro/Eidsland. Ein må rekna med omlag 1 time i gangtid frå Myster. Ta med mat og drikke. Ved dårleg ver, vert det gudsteneste i Eidsland kapell. Sjå i avisene og på oppslag for nærare informasjon.

Vassbakkstemna

sundag 10. august kl. 11.00

ved Vikavatnet, Stamnes. Ta med mat. Ved dårleg ver er gudstenesta i kyrkja.

"Fest på kjerka"

sundag 24. august kl. 11.00

i Messehagen på Dale. "Fest på kjerka" er eit uttrykk Sjømannskyrkja sjølv nyttar i sitt arbeid rundt om i verda, og kan hende er det særleg dei som har vore i utanriksfart til sjøs eller på landevegen som har vore med på noko slikt før. Men stadig fleire turistar, studentar og fastbuande nytter Sjømannskyrkjene rundt om i verda. Med denne gudstenesta vil vi freiste å få til litt av det opne fellesskapet som Sjømannskyrkjene er kjent for.

Konfirmantane i Dale sokn vert presenterte for kyrkjelyden i denne gudstenesta, og Torsdagsklubben er med og spelar. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi, sjølv sagt med vaflar, og ei kort samling etterpå. Ved dårleg ver skjer det heile i Dale kyrkje.

STAMNES BARNEKOR OG STANGHELLE/DALE BARNESONGKOR GÅR I STUDIO



I midten av november går Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor i studio på Boge for å spele inn CD.

Kvart år får 4-åringane i dei fleste kyrkjelydane i landet ein CD med invitasjon til gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. På denne CDen er det eit hørespel og nokre songar. Desse songane vert sunge på bokmål. Borna høyrer på CDen og lærer songane. Når born i nynorske kyrkjelydar kjem til gudsteneste er teksten annleis, fordi ein då syng på nynorsk. Med ein slik CD på bokmål får ein ikkje lagt til rette for ei god nok oppfylgning av 4-åringane i

kyrkjelydar som nyttar nynorsk. Og dei er det mange av, ikkje minst her i distriktet.

I samarbeid med IKO-forlaget skal difor Stamnes barnekor og Stanghelle/Dale barnesongkor vere med og lage ein CD der ein syng songane på nynorsk. Etter planen skal den vere klar til utdeling hausten 2009.

KILDEN

øver i Vaksdal kyrkje
fredagar kl 18.00-1930
Første øving etter ferien er:
22.august
Velkommen!

**Annonsar i Kyrkjebladet på denne storleiken
kostar kr 300,- Dersom ein tingar annonser
for eitt år,
vert kostnaden kr 250,-**

Ha ein fin sommar!

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud
NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet
Skrifttilføyelser – Oppussing
Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 01

Nye Dale

VERTSHUS

Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 – www.spv.no

 **SÆTERDAL
ELEKTRO AS**
AUTORISERT EL. INSTALLATØR

**Me leverer alt innan elektriker-
tenester, også varmepumper.
Telefon: 56 59 43 00**

 **vangen elektriske a/s**
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Har du bruk for ein fagmann?

- Elektro svak og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

**Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar**

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Ann-Elin Mjelde Gullbrå

tlf: 56 59 74 70 - mob: 91 17 97 66

Slekters gang

DØYPT

Dale

23.03. Petter Hernes Kjøndal
13.04. Frida Helle
01.05. Andrine Oen Tjønneland
08.06. Thea Emilie Brekstad, døpt i Årstad kirke

Nesheim

16.03. Ole Ekse

Stamnes

20.03. Kristoffer Johan Johansen
20.04. Joakim Stamnes Vik
20.04. Vår Straume Fyllingslid
11.05. Amalia Brestrup Brekklus

Vaksdal

16.03. Maria Langeland Vaksdal
16.03. Leah Kvam Hisdal
16.03. Amalie Skage Grenasberg
25.05. Leah Mari Hvidsten
25.05. Marthe Ulveseth Herfindal

VIGDE

Dale

24.05. Wenche Solberg og Tor-Arne Helle, vigde i Gjerstad kyrkje

Vaksdal

24.05. Liv Sæther og Johannes Knutsen

DØDE

Dale

19.03. Alf Wanvik, f. 1920
07.04. Sella Langø, f. 1918
17.04. Magnar Mehus, f. 1933
25.04. Brynjulf Fosse, f. 1923
06.05. Sigbjørn Johannes Visnes, f. 1939
12.05. Ingebjørg Karstensen, f. 1911
21.05. Aud Hildebjørg Rørbakken, f. 1934
25.05. Ingeborg Sæterdal, f. 1913
06.06. Kristina Borgny Rolland, f. 1916
06.06. Sverre Olav Kleven, f. 1913

Bergsdalen

14.03. Gustav Andreas Pettersen, f. 1919

Stamnes

30.03. Ingeborg Dæmring, f. 1914
03.04. Jenny Viland, f. 1914
26.05. Lars Dyvik, f. 1923

Eidsland

28.03. Alva Eilein Bolstad Eikefet, f. 1988
21.05. Magnus Møster, f. 1925
04.06. Unni Nesse, f. 1947

Vaksdal

09.03. Astrid Boge, f. 1919
22.04. Sissel Fossdal, f. 1945
04.05. Bergit Maria Magnussen, f. 1919
06.05. Margrethe Litangen, f. 1919

STANGHELLE/DALE BARNESONGKOR

øver i Dale kyrkje

annan kvar onsdag.

Øvingstid **14.10-15.10**

(etter skuleslutt)

Tilbodet er for born frå ca. 8 år.

Første øving etter ferien er:

20. august.

Velkommen!

STAMNES BARNEKOR

øver i Stamnes bedehus

torsdagar kl. **17.15** ut sept.

onsdagar kl **17.15** frå okt.

Tilbodet er for born frå 4 år

og oppover.

Første øving etter ferien er:

4.september.

Velkommen!

BABY/SMÅBORNSSONG

har samlingar i Stamnes bedehus

ca. ein gong i månaden

kl **10.00 – 12.00**


Tilbodet er for born frå 0 år

og oppover.

Første samling etter ferien:

Sjå nærare oppslag

Velkommen!



VELKOMEN TIL KYRKJA

VAKSDAL KYRKJE

22. juni kl.10.00 Høgmesse i **Bruvik kyrkje**. Melve, Sørheim og Bø. Kyrkjekaffi. Avreise frå Kolakaaien kl.9.30.

6. juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

20. juli kl.20.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

3. august kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

17. august kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

31. august kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Konfirmantpresentasjon.

14. september kl.19.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

DALE KYRKJE

29. juni kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

13. juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.

3. august kl.20.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

24. august kl.11.00 "Fest på kjerka" i Messehagen. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

STANGHELLE BEDEHUS

7. september kl.16.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe.

BERGSDALEN KYRKJE

6. juli kl.15.30 Støls gudsteneste på Gamle Brekkestølsmurane i Bergsdalen. Kvamsøe. Avgang frå betongbrua på Brekke kl. 13.00.

31. august kl.11.00 Bergsdalsstemna. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

STAMNES KYRKJE

13. juli kl.16.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Normisjon.

10. august kl.11.00 Vassbakkenstemna. Bø. Offer til Tibetmisjonen.

7. september kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL

20. juli kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.

29. juli kl.18.00 Olsok på Leiro. Bø.

31. august kl.16.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

EKSINGEDALEN KYRKJE

27. juli kl.12.00 Dalastemna. Bø.

24. august kl.20 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

NESHEIM KYRKJE

17. august kl.15.00 Høgmesse. Bø. Offer til Eksingedalen søndagsskule.

14. september kl.11.00 Jubileumsgudsteneste. Biskopen, prosten, Kvamsøe og Bø. Jubileumsoffer.

(Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.)

KONFIRMANTPRESENTASJON

Dale: 24. august kl. 11.00

Bergsdalen: 31. august kl. 11.00

Vaksdal: 31. august kl. 11.00

Eidsland: 31. august kl. 16.00

Stamnes: 7. september kl. 11.00

Eksingedalen: 5. oktober kl. 16.00

UTDELING AV 4-ÅRSBOK

Stamnes: 12. oktober kl. 16.00

Vaksdal: 26. oktober kl. 16.00

Dale: 16. november kl. 16.00

Eidsland: 30. november kl. 16.00

Bergsdalen: 7. desember kl. 16.00

Eksingedalen: 7. desember kl. 16.00

(gjeld og bok til 6-åringane)

NON – STOP BØNEHELG

19. - 21. september i Dale bedehus